




Jan Terje Røsland var den heldige vinnaren i Byggeriet sin julekonkurranse

Uskedal Trelastlager Byggeriet har eiga facebook-side. I desember har dei heve seg på trenden med premiering av dei som likar og deler sida. Premien var ein flott gassdriven terrassevarmar til ein verdi på 1995,-kroner. I går, fredag, vart den heldige vinnaren trekt ut. Det vart Jan Terje Røsland som kan henta den flotte premien på lageret på Beinavikjo.

Ein veldig fornøgd daleg leiar, Finn Guddal, kan fortelja om svært så god respons på julekonkurransen deira. Heile 880 delte konkurransen til firmaet og nær 700 likar no sida deira. Dette var så vellukka at han fortel at dei vil bruka facebook meir aktivt på nyåret.



Denne flotte terrassevarmaren var premien

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Byggeriet.

